

SAKSFRAMLEGG

Til:
Fakultetsstyret for HSL-fakultetet

Møtedato:
22.09.2020

Sak:
27/20

Innspill til store satsinger utenfor UiTs ramme for 2022

Innstilling til vedtak:

- Fakultetsstyret ber dekanen innarbeide følgende tiltak i HSL-fakultetets budsjettinnspill til store satsinger:*
 - Samisk leksikografi og videreutvikling av Reaidu
 - Pedagogisk forskningssenter for barn og unge i sårbare livssituasjoner
 - Ny grunnskolelærerutdanning for 1-7. trinn
- Dekanen bes ferdigstille budsjettinnspill i dialog med aktuelle enheter for oversendelse til universitetsdirektøren*

Bakgrunn

Hvert år har UiT muligheten til å fremme større satsinger via det årlige budsjettinnspillet til departementet. Dette er satsinger som er utenfor UiTs nåværende budsjettammer og som vil bli gjeldende fra 2022. I år er fristen for innspill til departementet 1. oktober. HSL-fakultetet ønsker å spille inn gode og relevante tiltak, og har i år spesielt oppfordret til at satsingene også kan foregå på tvers av fag og enheter. Det ble i 2019 ikke fremmet noen forslag til store satsinger.

Fakultetsledelsen har i e-post av 21. august invitert institutt/sentre til å fremme forslag om større satsinger fra budsjettåret 2022. Innen fristen 9. september var det kommet inn 4 forslag:

- ISK: «UiT satser på å bygge opp et senter for samisk leksikografi».**
 - Utarbeide samiske ordbøker
 - Arbeid med samisk terminologi
 - Forsking på ordforrådet til det samiske språket
 - Sum budsjettkostnad: 6,25 mill.kr.
- SESAM: «Nettstedet Reaidu i en ny fase: Støtte til samiske temaer i alle utdanninger».**

Reaidu kan utvikles til å bli en digital læringsressurs om samiske forhold for alle utdanningene ved UiT. Dette vil styrke UiTs posisjon som kunnskapsinstitusjon i Sápmi og vise at UiT går foran med sitt nasjonale ansvar for kunnskaper om samisk historie, kultur, samfunn og næringsliv.

 - Sum budsjettkostnad: 4,93 mill.kr.
- ILP: «Pedagogisk forskningssenter for barn og unge i sårbare livssituasjoner»**

ILP foreslår å bygge opp et forskningssenter som styrker pedagogens forskningsbaserte kompetanse overfor denne målgruppen.

Målet er å drive forskning på et høyt internasjonalt nivå, forskningsformidling og kompetanseheving i regionen samt nasjonalt og internasjonalt.

- Sum budsjettkostnad: 13,15 mill.kr.

4) **ILP: «Ny grunnskolelærerutdanning for 1.-7. trinn»**

Tiltaket handler om ny organisering av grunnskolelærerutdanninga der deler skal være nettbasert med mulighet for praksis i regioner der studenten bor.

- Sum budsjettkostnad: Foreløpig ikke tallfestet, men omfatter omlegging av undervisning, testing av nytt utstyr, infrastruktur og tilsetting/oppfølging av praksisveiledere/prosjektledelse.

Nærmere beskrivelse av tiltakene

Nedenfor følger en kort beskrivelse av de enkelte tiltakene. Mer utfyllende informasjon finnes i vedlegg. Budsjettene er foreløpig ikke kvalitetssikret, dette vil bli gjort før forslaget sendes inn.

Senter for samisk leksikografi

Tiltaket er knyttet til HSL-fakultetets strategiske plan om at "Fakultetet vil ta initiativ til å styrke det samiske perspektivet i utdanning og forskning". ISK ønsker med denne satsingen å bygge opp et senter for samisk leksikografi hvor de blant annet utarbeides samiske ordbøker, arbeider med samisk terminologi og hvor det forskes på det samiske ordforrådet. ISK søker om 6,25 mill.kr innenfor store satsinger 2022, men søker også om ytterligere finansiering hos andre relevante departement.

Budsjett:

Kostnadsbudsjett	Tiltak			
	2022	2023	2024	Totalt
Antall stillinger/årsverk	2,0	3,0	4,0	
Arealebehov (m ²)				
Kostnader				
Lønns- og personalkostnader	1 361 949	2 030 368	2 737 668	6 129 985
Utstyr/investeringer	60 000	30 000	30 000	120 000
Øvrige driftskostnader				-
Arealkostnader				-
Sum kostnadsbudsjett	1 421 949	2 060 368	2 767 668	6 249 985
Finansiering				
Egenfinansiering - egen enhet				-
Egenfinansiering UiT	1 421 949	2 060 368	2 767 668	6 249 985
Annen finansiering - spesifiser				-
Sum finansiering	1 421 949	2 060 368	2 767 668	6 249 985

Fyll inn budsjett ved å dobbelklikke på tabellen for å aktivere Excel-mat

Arealkostnader = arealbehov (m²) x husleiesats. Gjelder behov utover det avd. disponerer

Merknad: Fordeling egen enhet / UiT er ikke spesifisert

Det er ei målsetjing å få ekstern finansiering ut over ei initial gruppen på 2-3 forskarar

Nettstedet Reaidu i en ny fase: Støtte til samiske temaer i alle utdanninger

Dette er en satsing fra Sesam som går på tvers av fag og enheter. Reaidu er allerede i drift og i bruk i tilknytning til lærerutdanningene. For UiT er samiske og urfolksrelaterte tema meget sentralt i strategi og grunnlagsdokumenter: «UiT skal bidra til å øke studentenes kunnskap om samisk kultur og historie, samfunns- og næringsliv». UiT sin sentrale beliggenhet i nordområdene nevnes spesifikt. Til dette ligger at UiT er plassert midt i Sápmi. UiT skal utvikle kunnskap om samiske forhold, og grunnlaget for samarbeid og konflikter i nordområdene.

Tiltaket er i utgangspunktet satt opp til å være treårig, og de har lagt frem følgende budsjett:

Kostnadsbudsjett	Tiltak			
	2022	2023	2024	Totalt
Antall stillinger/årsverk	2,0	2,0	2,0	6,0
Arealbehov (m²)				
Kostnader				
Lønns- og personalkostnader	1 335 209	1 375 266	1 416 523	4 126 998
Utstyr/investeringer				-
Øvrige driftskostnader	100 000	500 000	200 000	800 000
Areakostnader				-
Sum kostnadsbudsjett	1 435 209	1 875 266	1 616 523	4 926 998
Finansiering				
Egenfinansiering - egen enhet	500 000			500 000
Egenfinansiering UiT				-
Annen finansiering - spesifiser				-
Sum finansiering	500 000	-	-	500 000

Fyll inn budsjett ved å dobbelklikke på tabellen for å aktivere excel-mål

Areakostnader = arealbehov (m²) x husleiesats. Gjelder behov utover det avd. disponerer

Pedagogisk forskningssenter for barn og unge i sårbare livssituasjoner

ILP søker om midler til å etablere et pedagogisk forskningssenter for barn og unge i sårbare livssituasjoner. Instituttet er godt rustet for å utvikle og drifte et slikt senter, fordi instituttet både har barnehagelærer- og lærerutdanninger på alle nivå, samt spesialpedagogisk, pedagogisk-psykologisk, allmennpedagogisk og pedagogisk-filosofisk kompetanse.

Oppvekst, dannelse og læring står som sentrale punkter i strategiplanen til UiT. Målet er å drive forskning på et høyt internasjonalt nivå, forskningsformidling og kompetanseheving i regionen, nasjonalt og internasjonalt. Det søkes om prosjektmidler for to stillinger i ett år for å definere og utvikle forskningssenteret med mål om å få til en oppstart i 2022. Senteret utvides med inntil seks årsverk i 2023 og 2024.

Budsjett:

Kostnadsbudsjett	Tiltak			
	2022	2023	2024	Totalt
Antall stillinger/årsverk	2,0	6,0	6,0	14,0
Arealbehov (m²)	20,0	100,0	100,0	220,0
Kostnader				
Lønns- og personalkostnader	1 670 000	4 840 000	4 840 000	11 350 000
Utstyr/investeringer				-
Øvrige driftskostnader	100 000	250 000	250 000	600 000
Areakostnader	400 000	400 000	400 000	1 200 000
Sum kostnadsbudsjett	2 170 000	5 490 000	5 490 000	13 150 000
Finansiering				
Egenfinansiering - egen enhet				
Egenfinansiering UiT				
Annen finansiering - spesifiser				
Sum finansiering				

Fyll inn budsjett ved å dobbelklikke på tabellen for å aktivere excel-mål

Areakostnader = arealbehov (m²) x husleiesats. Gjelder behov utover det avd. disponerer

Ny grunnskolelærerutdanning for 1.-7. trinn

I kartlegging gjort av UiT og i Meld. St. 5 (2019-2020) "Levende lokalsamfunn for Fremtiden" vises det til utfordringer knyttet til rekruttering av studenter til lærerutdanningene, samt tilgang til nok kvalifiserte lærere. Det er vanskelig situasjon i skolene i landsdelen vår fordi det er mangel på kvalifiserte lærere. Særlig gjelder dette for 1-7.trinn. UiT har et stort ansvar for å utdanne kvalifiserte lærere til vår landsdel, og ILP har som mål og utdanne grunnskolelærere i og for regionene, og tilby deler av utdanningen der studentene bor.

Utdanningen finnes altså allerede (med studieplan og emnebeskrivelser) så dette handler om en ny organisering av en etablert utdanning hvor deler skal være nettbasert med mulighet for praksis i regioner der studenter bor. Basisbevilgningen over statsbudsjettet dekker dermed for normal drift, men den nye organiseringen vil være økonomisk krevende. Budsjettkostnadene er foreløpig ikke tallfestet.

Anbefaling

Forslagene er blitt vurdert av fakultetsledelsen ut fra relevans og forankring i UiTs vedtatte strategi, og dekanen foreslår å fremme alle tiltakene. Innspillene fra ISK og Sesam er begge knyttet opp mot ønsket om å styrke det samiske perspektivet i utdanning og forskning. Et samlet innspill fra UiT til KD med dette formålet vil etter dekanens vurdering stå sterkere enn om en sender de separat. Dekanen foreslår derfor at en i oversendelsen til universitetsledelsen ser tiltakene fra ISK og Sesam i sammenheng.

Sonni Olsen
dekan

Frode G. Larsen
fakultetsdirektør

Vedlegg: 4

Dokumentet er elektronisk godkjent og krever ikke signatur



Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning

Innspel til satsingar utanfor ramma

Framlegg: UiT satsar på å bygge opp eit senter for samisk leksikografi.

Innhald:

Utarbeiding av samiske ordbøker

Arbeid med samisk terminologi

Forsking på ordforrådet til dei samiske språka

Bakgrunn:

For at eit språk skal kunne bli brukt som samfunnsberande språk treng det eit vitskapleg miljø som kan registrere, arbeide med og utvikle ordforrådet. Statsberande språk har alle store leksikografiske forskings- og utviklingsmiljø som gjer nettopp dette. For norsk, svensk og finsk finst det til dømes leksikografiske forskingsmiljø i Bergen, Göteborg og Helsingfors, som alle sysselset eit tosifra tal leksikografar, terminologar og programmerarar. Relevant i vår samanheng er miljøet i Bergen, med 10 stillingar i leksikografi og ei gruppe på 4 programmerarar som leksikografane deler med andre delar av det språkfaglege miljøet. Desse leksikografane arbeider med vedlikehald og vidareutvikling av 3 ordbøker (Nynorskordboka, Bokmålsordboka, Norsk ordbok). Det er utan vidare klart at dei samiske språka treng ein innsats som er minst like stor.

I perioden før den hardaste assimileringspolitikken frå og med tida før førre hundreårsskiftet innsåg dei fleirnasjonale statane i Norden dette: det vart t.d. både for grønlandsk og nordsamisk utarbeidd store og gode ordbøker som gjekk frå majoritetsspråket til minoritetsspråket, slik at det skulle vere mogleg å kommunisere med og skrive lærebøker og religiøs litteratur for grønlandarar og samar på høvesvis grønlandsk og nordsamisk. I tida då assimilasjonspolitikken var rådande kom det ikkje ut slike ordbøker i det heile.

Etter avslutninga av fornorskingspolitikken er den politiske målsetjinga no at dei samiske språka skal fungere som samfunnsberande språk. Det at Kommunal- og moderniseringsdepartementet finansierer utviklingsgruppa Divvun med 7 permanente stillingar med eit eksplisitt mål om å utvikle retteprogram og andre språkteknologiske applikasjonar for samiske språk er ein direkte konsekvens av denne målsetjinga.

Når det gjeld ordforrådet har det ikkje vore ei tilsvarande satsing. Det finst ingen einspråklege samiske ordbøker, ingen ordbøker samiske språk i mellom, og den einaste større ordboka frå norsk til nordsamisk har ikkje lagt nokon systematisk gjennomgang av det norske ordforrådet til grunn, og gjev heller ikkje noko framstilling av korleis norske konstruksjonar skal bli laga på nordsamisk. Terminologisk arbeid for samiske språk er relativt lite systematisert. Eit aktuelt døme er oppstarten av ei sjukepleiarutdanning på samisk, som startar i 2021 som eit samarbeid mellom UiT og Samisk høgskole. Til studiestart finst det ikkje lærebøker på samisk, men det finst heller ikkje nokon terminologi for fagfeltet.

Sett frå eit forskningssynspunkt peiker språkforskninga i det 21. hundreåret seg ut til å bli tida der vi utforskar det mentale leksikonet, eller ordforrådet vi som språkbrukarar har tilgang til og kunnskap om. Med datamaskiner er vi i stand til å analysere dette ordforrådet systematisk, og med tilgang til store tekstsamlingar kan vi sjå sambandet mellom kva og kor mykje vi veit om ord i språket og korleis dei same orda blir brukt.

UiT sin strategiske plan slår fast at "UiT skal utvikle kunnskap om" m.a. følgjande tema: [s]amiske språk, kultur og livskvalitet" og "Teknologiske løsningar som fremmer en bred og inkluderende samfunns- og næringsutvikling i nord". HSL-fakultetets strategiske plan legg vekt på "Fakultetet vil ta initiativ til å styrke det samiske perspektivet i utdanning og forskning". For Noregs arktiske universitet er det også naturleg å argumentere for ei satsing der det sentrale innhaldet er å gjere det mogleg å gjennomføre Noregs politikk for utvikling av dei samiske språka som samfunnsberande språk.

Det er ved UiT eit fagmiljø for leksikografi å bygge på. Frå eit utdanningsmessig synspunkt er det naturleg å ha leksikografi som ein komponent i samiskstudiet og faggruppa for samisk har allereie gjeve slike kurs. UiT uteksaminerte i år ein student med leksikografi som tema for masteroppgåva, og det er ved UiT fleire leksikografiske prosjekt. Eit senter for leksikografi vil trenge leksikografar, filologar og programmerarar. I ein oppstartfase kan senteret dra vekslar på programmerarane tilsett ved dei eksisterande miljøa for samisk språkteknologi. Frå eit fagleg synspunkt er eit minimum for tre ulike samiske språk ei gruppe på to ordboksredaktørar per språk (ein for terminologi og ein for det generelle ordforrådet), to allmennleksikografar og ein programmerar. Til samanlikning har både norsk, svensk og finsk langt større leksikografiske fagmiljø.

Framlegg til framgangsmåte:

UiT tar opp samisk leksikografi som eit stort satsingsfelt. Det strategiske målet er å få ei forskings- og utviklingseining tilsvarande den for norsk leksikografi i Bergen (jf. <https://www.uib.no/lle/revisjonsprosjektet>).

Arbeidet med å få dette til går over fleire steg. UiT opprettar først ei leksikografisk pilotgruppe på universitetet på tre til fire stillingar. Oppbygginga av denne pilotgruppa og samarbeid med andre nordiske leksikografiske miljø og samiske språkmiljø vil resultere i eit grunnlag som vi kan bruke for deretter å arbeide politisk og administrativt for å få ekstern finansiering for eit miljø tilsvarande det i Bergen, Göteborg og Helsingfors. Pilotgruppa konsentrerer seg både om leksikografisk arbeid, for å forbetre eksisterande ressursar, og om utdanning, dvs. om gje kurs i leksikografi for kommande leksikografar. Leksikografi er allereie ein del av mastergradsstudiet ved UiT, og vil vere relevant både for denne satsinga og for arbeid utanfor universitetet. Samtidig er UiT i dialog med relevante departement for å få ei finansiering tilsvarande den som er for leksikografi ved UiB. Sametinget bør også bli involvert i denne prosessen.

Sett frå eit samfunnsmessig perspektiv treng dei samiske språka minst ti stillingar i leksikografi for å bygge ut og presentere ordforråda sine, på same måten som UiB har eit tilsvarande miljø for norsk. Viss UiT initierer denne satsinga vil vi vere i ein god posisjon til å utgjere tyngdepunktet i dette arbeidet. Utgangspunktet er godt, med det eksisterande miljøet i samisk språkteknologi, med ei samiskavdeling som gjev mastergradar og doktorgradar i samiske språk, eksisterande forskning og arbeid innafor samisk leksikografi, og eit nordisk institutt med kunnskap om norsk. Det som no gjeld er å posisjonere seg strategisk for utviklinga som vil kome.

Helsing frå

Gustav Jørgen Pedersen
instituttleder

—

Gustav.j.pedersen@uit.no
77 64 53 70

Beathe Paulsen
kontorsjef

—

beathe.paulsen@uit.no
77 64 67 43

Vedlegg: Budsjettkast

Kostnadsbudsjett		Tiltak:			
		2022	2023	2024	Totalt
Antall stillinger/årsverk		2,0	3,0	4,0	
Arealbehov (m ²)					
Kostnader					
Lønns- og personalkostnader		1 361 949	2 030 368	2 737 668	6 129 985
Utstyr/investeringer		60 000	30 000	30 000	120 000
Øvrige driftskostnader					-
Arealkostnader					-
Sum kostnadsbudsjett		1 421 949	2 060 368	2 767 668	6 249 985
Finansiering					
Egenfinansiering - egen enhet					-
Egenfinansiering UiT		1421949	2060368	2767668	6 249 985
Annen finansiering - spesifiser					-
Sum finansiering		1 421 949	2 060 368	2 767 668	6 249 985
Fyll inn budsjett ved å dobbelklikke på tabellen for å aktivere excel-mal					

Arealkostnader = arealbehov (m²) x husleiesats. Gjelder behov utover det avd. disponerer

Merknad: Fordeling egen enhet / UiT er ikke spesifisert
 Det er ei målsetjing å få ekstern finansiering ut over ei initial gruppen på 2-3 forskarar

